

SAK 13/14 UTVIKLINGSPROGRAM FOR BYREGIONAR, FASE 1

Saksopplysning

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – [KMD](#) – ynskjer å legge til rette for positiv utvikling i byregionar.

Utviklingsprogrammet for byregioner er en tilskuddsordning som skal bidra til kunnskap om byenes rolle for regional utvikling, og om betydningen av samspillet mellom byene og omlandet. Målet for tilskuddsordningen er at tilskuddsmottakerne skal komme fram til lokalt forankrete strategier og tiltak med utgangspunkt i samhandling mellom byen og omlandet. En helhetlig samfunnsanalyse skal ligge til grunn for strategier og tiltak. Programmet skal bidra til økt kunnskap om samspill mellom by og omland og styrke disse områdenes regionale vekstkraft, med sikte på utvikling i regionen som helhet.

Programmet er delt inn i to faser. Det tas sikte på at fase 1 skal være ettårig og hovedsakelig gjennomføres i 2014, mens fase 2 går over tre år, og gjennomføres i perioden 2015–2017. I denne omgang er det lyst ut midler kun til prosjekter i fase 1.

I epost 7.3.2014 invitera ordføraren i Gol kommune Regionrådet for Hallingdal til å vera med i Utviklingsprogram for små og mellomstore byar- Gol som knutepunkt i Hallingdal, og at dette blir teke opp som sak i regionrådsmøte 27.mars. Som det går fram av epost har Gol kommune søkt og fått innvilga deltaking i SMBY-programmet. Ein føresetnad for deltaking er at minst ei av nabokommunane støttar og deltek i programmet.

I tillegg til målgruppa små og mellomstore byregionar, har programmet opna opp for at mindre stader kunne søke saman med omlandet sitt viss det har karakter av å vera eit regionsenter og /eller tilbyr tenester til omlandet som gir en bymessig status. Prosjektet skal koma heile regionen til gode, og fase 1 skal brukast til å arbeide fram eit regionalt prosjekt i fellesskap.

Gol kommune vart utfordra av Buskerud fylkeskommune til å søkja på programmet m.a. fordi kommunen deltek i eit 3-årig forskningsprosjekt "Attraksjonskraft gjennom Stedsinnovasjon" som BFK gjennomfører i samarbeid med Vestfold, Telemark og Østfold fylkeskommunar.

Hallvor Lilleslett skriv i sin epost: « *Søknadsprosessen var større og tyngre enn vi hadde sett for oss. Vi hadde heller ikkje heilt teke inn over oss at regionrådet burde ha stått bak og støtta søknaden. BFK ivra for at søknaden skulle sendast. Det framgjekk vidare av søknaden frå Gol kommune at saka ikkje var handsama i Regionrådet. Ein ba om utsetting for å avklare forankringa, men svaret på den førespurnaden var at det ikkje var krav om at avtala måtte vere formalisert før søknad vart send. KMD seier vidare "Formålet med fase 1 er etablering og konsolidering av samarbeidet internt i søkerregionen". For Gol blir det viktig å få ein tett- og felles prosess i eit arbeid som vonaleg vil bidra til å styrke heile regionen. Eg vil vidare opplyse om, etter det eg forstår, at det ikkje vil medføre ekstrakostnader for regionrådet eller enkeltkommunane å delta i arbeidet med fase 1.»*

I søknad frå Gol kommune 31.1.2014 (vedlagt) er samandrag av prosjektbeskrivelsen slik: « *Tettstedet Gol er knutepunkt og handelssentrum for regionen Hallingdal. Regionen opplever økonomisk nedgang, mens Gol kommune har en viss positiv utvikling både økonomisk og folketallmessig og har et potensiale for å ta en mer aktiv rolle i utviklingen av Hallingdal. Styrking av Gol som regionsenter bør kunne resultere i økt utvikling av det potensialet som ligg i regionen.»*

Målet med fase 1 i prosjektet er å hente inn relevant informasjon og analysar som har overføringsverdi for arbeidet i fase 2, i tillegg få på plass gode samarbeidsnettverk. I fase 2 skal det utviklast konkrete strategiar og gjennomføre tiltak innanfor valte tema.

I vedlegg 2, presentasjon «Utviklingsprogrammet for byregioner» v/seniorrådgjevar Kristin Lind i Kommunal – og moderniseringsdepartementet er det gjeve ei grei orientering om programmet.

På Distriktscenteret si heimeside ligg det og mykje bra informasjon:

<http://distriktscenteret.no/byregionprogrammet/>

Vurdering

Med bakgrunn i at det er ynskjeleg at Regionrådet for Hallingdal deltek i Utviklingsprogram for små og mellomstore byar, ut frå Gol kommune sin søknad, deltok dagleg leiar på oppstartkonferanse 18. mars.

Presentasjonar og videotransfering av heile konferansen ligg her:

<http://distriktscenteret.no/2014/03/19/oppstartskonferanse-byregionprogrammet/>

Utviklingsprogrammet fase 1 har ein stor grad av fleksibilitet. Det er den enkelte region som i stor grad skal definere arbeidet, som skal baserast på kunnskap og læring i nettverk.

Fase 1 består av:

- Etablere og konsolidere samarbeidet
- Heilskapleg samfunnsanalyse
- Velje saksområde/tema regionen vil jobbe vidare med
- Involvere relevante aktørar

Etter avklaringar med KMD er det fullt mogeleg å tilpasse Gol sin søknad slik at det blir eit sterkare Hallingdalfokus. Etter dagleg leiar sitt syn kan det her ligge til rette for eit viktig utviklingsprogram for Hallingdal som i stor grad kan underbygge og vidareføre tenkinga i Strategisk plan for Hallingdal. Utviklingsprogrammet kan på mange måtar samanliknast med det arbeidet som blir gjort som grunnlag for Strategisk plan for Hallingdal.

I tillegg vil ein gjennom Utviklingsprogrammet få gjort nærmere faglege vurderingar og analysar, samstundes som det er læring i nettverk. Ut frå det fundamentet me har i Hallingdal bør grunlaget for å lykkast med eit felles utviklingsprogram vera tilstades.

Målet må vera å utvikle alle delar av Hallingdal og som region, og vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal. I ein slik samanheng må det og definerast ulike rollar som kommunane kan ta, og som i sum gjev ønska utvikling for Hallingdal.

Det er lite kunnskap om kva rolle mindre byar/regionsenter spelar for regional utvikling i Norge. Det finnes for eksempel ikkje tilgjengelig statistikk for regional samhandling utover tal for flytting og pendling over kommunegrensene. Spørsmålet er om og eventuelt korleis mindre byar har ein rolle som ”regional motor” for sitt omland.

I stor grad er kommunane i Hallingdal gjensidig avhengige av kvarandre, noko som bør vera ei styrke for ein region, samstundes som det bør vera med på å skapa dynamikk for vidare utvikling. Gol treng livskraftige ”naboar” og Hallingdal treng eit dynamisk knutepunkt som gjev ringverknader for heile Hallingdal.

I eit eventuelt analysearbeid vil der vera naturleg å få vurdert fordelar/ulemper med eit definert regionsenter eller med ei form for «fleirkjernestruktur», som Hallingdal har i dag.

I eit slikt arbeid må det og analyserast kvifor Hallingdal er annleis enn dei fleste andre distriktsregionar i forhold til ein del utviklingstrekk.

Ut frå skisserte føresetnadane meiner dagleg leiar at kommunane/Regionrådet for Hallingdal bør takke ja til invitasjonen frå Gol kommune om å delta i Utviklingsprogrammet for byregioner.

For å synleggjera kva fase 1 kan omfatte syner eg til Tibe Samfunn sitt forslag til 10-punktsliste for regional utvikling, fase 1

10 punkt		Utdypning
1	Målanalyse	Bli enige om hva regionen konkret ønsker å oppnå gjennom Byregionprogrammet
2	Kartlegg stedskvaliteter	Lokalhistorie, næringsliv, kulturliv, utdanningstilbud, opplevelser osv. I hver kommune = regionen samlet sett
3	Økonomisk samspill	Hvordan foregår de økonomiske bevegelsene i regionen i dag?
4	Posisjonskart	Definer ulike roller for kommunene i utviklingen av regionen – basert på analyse av stedskvaliteter og økonomisk samspill
5	Samfunnsanalyse	Basert på regionens kvaliteter: Hvilke utviklingstrekk i «storsamfunnet» kan regionen dra nytte av i sin utvikling (politikk, bransjeutvikling, trender etc)?
6	Målgruppeanalyse	Hvem må regionen mobilisere for å oppnå ønsket utvikling?
7	Forankring	Hos viktige utviklingsaktører som må være med i utviklingsarbeidet
8	Handlingsplan	1) Regionale utviklingstiltak og 2) utviklingstiltak i lokalsamfunnene som regionen setter inn samlet utviklingskraft for å realisere
9	Organisering og finansiering	Av tiltakene i handlingsplanen
10	Langsiktig utviklingsarbeid	Realisering av tiltakene i handlingsplanen Formidle kvaliteter og utvikling

Utviklingsprogrammet fase 1 med bakgrunn i Gol kommune sin søknad har ei kostnadsramme på kr. 225.000 der finansieringa er 50% KMD og 50% Gol kommune. Det er antyda at deltaking i fase 1 ikkje vil medføre direkte kostnadar frå dei andre kommunane eller regionrådet. Etter dagleg leiar sitt syn bør det vurderast om det kan vera fornuftig å setja av ein ekstra pott til nettverksmøter.

For at prosjektet å sikre nødvendig forankring og tydeleggjera at dette er eit prosjekt for heile Hallingdal, er det nødvendig med ei prosjektorganisering som synleggjer dette. Kanskje kan Regionrådet vera styringsgruppe for prosjektet?

Forslag til vedtak

1. Regionråde for Hallingdal takkar ja til invitasjonen frå Gol kommune om å delta i Utviklingsprogrammet for byregionar, etter nærare føresetnadur.
2. Målet for utviklingsprogrammet må vera å utvikle alle delar av Hallingdal og som region, og vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal. I ein slik samanheng må det og definerast ulike rollar som kommunane kan ta, og som i sum gjev ønska utvikling for Hallingdal.
3. Utviklingsprogrammet må samordnast med Strategisk plan for Hallingdal
4. Arbeidet i fase 1 må definera nærare, men ein del av analysearbeidet må vera å få vurdert fordelar/ulemper med eit definert regionsenter eller med ei form for «fleirkjernestruktur», som Hallingdal har i dag.
I eit slikt arbeid må det og analyserast kvifor Hallingdal er annleis enn andre distriktsregionar i forhold til ein del utviklingstrekk.
5. Det skal utarbeidast nærare forslag til prosjektorganisering.
6. Finansiering?

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad Gol kommune, dat. 31.1.2014

Vedlegg 2: Presentasjon «Utviklingsprogrammet for byregioner» v/seniorrådgjevar Kristin Lind i Kommunal – og moderniseringsdepartementet

Søknad

Søknadsnr.	2014-0056	Søknadsår	2014	Arkivsak
Støtteordning	Utviklingsprogram for små og mellomstore byer som regional vekstkraft			
Prosjektnavn	Gol - knutepunkt i Hallingdal			

Kort beskrivelse

Tettstedet Gol er knutepunkt og handelssentrum for regionen Hallingdal. Regionen opplever økonomisk nedgang, mens Gol kommune har en viss positiv utvikling både økonomisk og folketallmessig og har et potensiale for å ta en mer aktiv rolle i utviklingen av Hallingdal. Styrking av Gol som regionsenter bør kunne resultere i økt utvikling av det potensialet som ligger uforløst i regionen.

SAKA ER IKKJE FORMELT BEHANDLA I REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL. BER DERFOR OM UTSETJING FOR Å AVKLARE FORANKRINGA.

Prosjektbeskrivelse

Gol - knutepunktet i Hallingdal. Gol kommune søker om deltaking i fase 1 for å videreutvikle og styrke sin posisjon som regionsenter. Hallingdal trenger et regionsenter for å sikre at regionen Hallingdal ikke skal oppleve stagnasjon, men utvikle seg videre. Gol kommune er, sammen med byene Drammen, Kongsberg og Hønefoss, deltar i prosjektet «Attraksjonskraft gjennom stedsinnovasjon» i regi av fylkeskommunene Buskerud, Vestfold, Telemark og Østfold med Telemarkforskning som prosjektleder. Det 3-årige forskningsprosjektet er finansiert av Oslofjordfondet. Gol kommune ligg inn under sone III i distriktpolitisk verkeområde. Kommunen har i underkant av 5000 fastbuande, mens hele dalen tilsammen har 20 000 innbyggjarar. Gol har ein bymessig funksjon i denne felles arbeidsregionen. Det er stor innpendling til Gol frå dei andre Hallingdalskommunane, netto innpendling om lag 600 personar. Geografisk plassering gjer at dagleg inn- og utpendling til andre regionar ikkje er serleg aktuelt. Hallingdal er Norges største reiselivsregion. Om lag 33% av alle sysselsette i dalen er direkte knytt til turisme. Med store endringar innan denne næringa står regionen framfør andre utfordringar enn tidligare. Næringa har vore prega av mange fullserviceverksemder som har hatt sitt hovudmarknad innan kurs – og konferansesegmentet. Flyplassnære hotell og rimelege flyturar til andre land har i stor grad slått beina under dette markedet. I tillegg blir det ført opp stadig fleire hytter i området. Desse blir gjerne bygd av tidligare gjester ved hotella. Med bortfall av fleire hotell er også heilårsarbeidsplassar i fare. Dette gjer til at ein mistar kompetanse, då fleire verksemder ser seg nøydd til å kun halde oppe i vinterhalvåret. Samstundes veit vi at det er om lag 17 000 hytter i vår region. Det blir bygd ca. 300 kvart år. Ein ser at spesielt Gol kjem svært godt ut med tanke på detaljhandel. Vi trur mykje av grunnen må tilskrivast "Hyttehallingen", som vel å leggje handelen sin hit. Hallingdal opplever ein nedgang, medan Gol har ein viss positiv utvikling. Men, vi ser at det er ein tendens mot stagnasjon i Gol sentrum. Tal frå NHO sitt «næringsNM» syner at regionen har falle langt ned på rangeringa, sjølv om tala for Gol ikkje er så ille. Gol ligg framleis høgt på handelsstatistikkane. Felles for dei fleste verksemndene i dalen er det ikkje god nok økonomi til å kunne gjere investeringar/oppgradering og

endringar. Fleire områder i Gol er godkjend ferdig regulert, men det manglar igangsetjing. Førebels så er ikkje Gol kommune attraktiv nok for dei store investorane. Gol stasjon er plukka ut til å vere eit av tre stasjonsområde på Bergensbanen, i saman med Myrdal og Geilo, til å vere med i eit eige stasjonsstrukturprogram. Totalt sett er det løyvd 300 mill til dette prosjektet. Det byggjer oppunder at Gol er eit trafikknutepunkt. Det er regulert ein tredje avkøyring til Gol sentrum. Her skal Statens Vegvesen plassere døgnkvileplass, kontrollstasjon og vegservicestasjon. • Vi ynskjer å sjå på mogelegheit for å skape skuletilbod innan reiseliv. Vi opplever nedgang i talet på lokal ungdom som vel dette faget. Det vil i denne samanhengen vere aktuelt å sjå på mogelegheit for både vidaregåande utdanning og høgskule. Vi ynskjer å sikre/legge til rette for heilårs arbeidsplassar. • Vi ser nødvendigheita av å involvere næringslivet i dalen. Næringsdrivande er inneforstått med at ein i denne regionen er heilt avhengig av reiselivet. • Vi ynskjer å avdekke kva som må til for at Gol og Hallingdal skal bli ein attraktiv plass å bu og å flytte til. Vi kjenner til at fleire flytter til dalen for å kunne leve ut sine fritidsinteresser. Men er dette det som trekker dei store massene? Kommunen vil også involvere friviljuge lag og organisasjonar for å spele på lag med desse. • Vi ynskjer å avdekke kva til bustadområder som er aktuelle i vår tettstad. Fra før har vi mykje sentrumsnære bustadfelt, men vi har svært lite sentrumbustader (leilegheiter av ulik storlek). Treng vi dette? • Gol kommune er no i gang med bygging av ny skule, (1 – 10) med tilhøyrande idrettshall og område. Vil dette påverke «blilysta» i Gol? • I Gol kommune sin kommunedelplan – Gol tettstad står det som eit sentralt tema at ein skal ta vare på sentrum. Gol har eit langstrekta sentrum som blir sett på som triveleg, men som det har hatt liten utvikling dei siste 10 åra. Korleis kan vi bidra til å auke tal på nybygg/etableringar? Vi ynskjer å ta ut eit større potensiale i form av økonomisk vekst og folkeauke i Gol kommune og i Hallingdalsregionen.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Gol kommune Org.nr:964952612	Gamlevegen 4 3550 GOL	95103305
Kontakt-person	Lars Riise	Gamlevegen 4 3550 GOL	95103305
Prosjekt-leder	Lars Riise	Gamlevegen 4 3550 GOL	95103305

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Vi ynskjer at Gol og Hallingdal skal framstå som ein stad med robust økonomi. Det skal vere ein stad der eksterne investorar vil velje å investere. Med dette meiner vi utvikling av regionen i form av ulike former av eigedomsutvikling. Dette kan i sin tur vere eigedomar som rettar seg inn mot handel, leilegheiter og kontor, men også attraksjoner som kultur- og opplevelsesparkar og anna. Hallingdal er landets største reiselivsregion. Vi har framleis dette føretrinnet, som vi må styrke og utvikle. Regionrådet i Hallingdal, som består av alle ordførarane og rådmennene i dalen, har ei leiande rolle i utvikling av Hallingdal, både gjennom utarbeiding av "Regional Næringsplan" og er samstundes prosjektleiar i tilflyttungsprogrammet "Hallingdal 2020".

Prosjektmål

Mål med dette prosjektet er å hente inn relevant informasjon som har overføringsverdi for arbeidet i fase 2. I tillegg ynskjer vi å få på plass gode samarbeidsnettverk.

Forankring

Prosjektet vil vere forankra inn i Regionrådet for Hallingdal. Dette rådet består av rådmenn og ordførarar i alle seks Hallingdalskommunene. Buskerud fylkeskommune er også ein sentral samarbeidspartner for oss.

Prosjektorganisering

Gol kommune vil trolig inneha prosjektledelsen i fase 1. Arbeidet vil bli knyttet tett opp mot prosjektet "Attraksjonskraft gjennom stedsinnovasjon" og gjennomføres i tett samarbeid med de andre Hallingdalskommunene gjennom Regionrådet for Hallingdal. I regionrådet sitter alle ordførere og rådmenn i regionen.

Samarbeidspartnere

Gol kommune vil samarbeide tett med alle fem andre kommunene i Hallingdal. Prosjektet er godt forankret i Buskerud fylkeskommune som også følger opp kommunen gjennom prosjektet "Attraksjonskraft gjennom stedsinnovasjon" hvor Telemarksforskning er prosjektleder. Gjennom dette prosjektet samarbeider Gol kommune også tett med de andre deltakerkommunene, og særlig deltakerne fra Buskerud; Drammen, Kongsberg og Ringerike.

Aktiviteter

I prosjektet må ein ha eit klart fokus på at deltakerane får eigarskap i prosjektet. Dette må skje gjennom oppsökjande virksomhet og utvikling av felles etablerte og nye møteplassar. For å kunne treffe kunnskapsbaserte avgjersler må ein innhente grundig informasjon, gjerne gjennom rapportar, men også gjennom seminar og møter.

Målgrupper

Det er naturleg at næringa sjølv tek del i arbeidet. Likeså må ein ha forankring og nær kontakt med beslutningstakere på politisk nivå. Det er på det reine at med endringar vi opplever spesielt innan reiseliv, så må det på plass nye, innovative løysingar, så forskning vil også vere sentralt. => Triple helix, innan reiseliv

Resultat

Hovudmålet er på sikt at ein ikkje lenger skal oppleve stagnasjon i vår region. Dei ulike næringane vil være så solide og robuste at dei kan foreta retningsendringar strategimessig etter korleis marknaden endrar seg. For å bli gode på dette må vi bli gode på endringsleiing. Det vil vere rett å seie at "Marknaden har alltid rett". Vår region må til ein kvar tid ligge i framkant av slike endringar. Vi vil ha større kjennskap til reiseliv knytt til hytteturisme

Effekter

Hallingdal og Gol vil vere ein region som kan by fram attraktive arbeidsplassar, gode bustadmiljø og vil vere ein stad som står høgt på lista over stader folk vil bu og besøke.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Oppstart ønskelig så fort som mulig. Milepælsplan: 1.Kunnskapsinnhenting 2.Bearbeiding og avklaring 3.Videreutvikling av nettverk og samarbeidsavtaler 4.Prioritering av satsingsområder og saksområder 5.Klargjøring for fase 2.

Kostnadsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
Konsulenttjenester	150 000					150 000
Nettverksmøter og møteplasser	50 000					50 000
Prosjektledelse	150 000					150 000
Reise, administrasjon	50 000					50 000
Utarbeiding av rapport	50 000					50 000
Sum kostnad	450 000					450 000

Finansieringsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
Gol kommune	225 000					225 000
Kommunal- og regionaldepartementet	225 000					225 000
Sum finansiering	450 000					450 000

Geografi

617-Gol

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Føresegner og retningsliner til kommunedelplan for Gol tettstad.pdf	49 824	31.01.2014




Utviklingsprogrammet for byregioner

Seniorrådgiver Kristin Lind

Oslo 18. mars 2014

- 33 regioner deltar i programmet



Utviklingsprogram for byer – hvor kom det fra?

- Stortingsmelding for distrikts- og regionalpolitikken
- Statsbudsjettet
- Små og mellomstore byer, og de store

Er byen motor for omlandet?

- Det vi vet og det vi tror vi vet
- **Utviklingsprogrammets to pilarer**
 1. Kunnskap
 2. Læring i nettverk

= kunnskapsbasert utvikling?

Mål for utviklingsprogrammet

- Styrke regionens vekstkraft
- deltakerne skal komme fram til lokalt forankrete strategier og tiltak med utgangspunkt i samhandling mellom byen og omlandet
- En helhetlig samfunnsanalyse skal ligge til grunn for strategier og tiltak

Fasedelt utviklingsprogram

- Fase 1
 - Etablere og konsolidere samarbeidet
 - Helhetlig samfunnsanalyse
 - Velge saksområde/tema regionen vil jobbe videre med
 - Involvere relevante aktører
- Fase 2
 - Utvikle konkrete strategier og gjennomføre tiltak innenfor valgte tema

Lyses ut vinter 2015

Læring i nettverk

- Nasjonale nettverk
- Egne samarbeid i hver region
- Kompetansesenteret for distriktsutvikling

Kunnskap - om hva?

- Byenes funksjon for omlandet
- Omlandet funksjon for byen
 - Samspill og samarbeid
- Helhetlig samfunnsanalyse
- Den enkelte byregion
- Muligheter og flaskehalsar
- Økonomisk utvikling
- **Gjør innkjøp sammen!**

Samspill mellom byer og omland

- KMD innhenter Fou
- Overordnet perspektiv
- Bidra til nettverksarbeidet
- Byregionene som case?

Utviklingsprogrammet – om faser og penger

- Fase 1 til vinter 2015
- Fase 2 utlysning vinter 2015
 - hvor langt har dere kommet da?
- Egeninnsats
- Nettverksdeltakelse
- Egne prosesser
- Kunnskapsinnhenting og -analyse



LYKKE TIL!



KOMMUNAL- OG
MODERNISERINGSDEPARTEMETET